



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Oppvekst- og kulturutvalet
Møtestad: Digitalt
Dato: 09.09.2025
Tid: Kl. 08:15 - 12:40

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Ninja Tolo Ness	Kinn AP
Tor Åge Gravdal	Kinn AP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP
Dagrun Almenning Kvalheim	Kinn H
Morten Mortensen	Kinn H
Aud Norunn Vig	Kinn KrF
Knut Robert Knutsen	Kinn Rødt
Hilmar Eliasson	Kinn V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Elisabeth Halsne	Kinn SP	Heidi Borge	Kinn SP

Andre som møtte:

Weronica Nilsen Toftesund, observatør Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Frå administrasjonen møtte:


Anita Solbakken, kultursjef
Margit Drivenes Kløvfjell, rådgjevar
Lena Eikefjord, tenesteleiar for barnevernstenesta
Trude Gulbrandson, stableiar Strategi og samordning
Sander Ødelien, rådgjevar
Mona Ødegård Standal, rådgjevar
Marion Svarstad Melstveit, rådgjevar
Marianne Nødset, rådgjevar
Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef
Runa Hatlenes Nybakk, kommunalsjef

Måløy, 12.09.2025

Hilmar Eliasson
Hovudutvalsleiar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
042/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
043/25	Godkjenning av møteprotokoll
044/25	Refererte skriv og meldingar
045/25	Orienteringar
046/25	Forskrift om plan for skuledagar, ferie og fridagar i Kinn kommune, skuleåret 2026-2027
047/25	Tilstandsrapport 2024 - Kinn barnevern
048/25	Orientering - Handlingsplan mot vold i nære relasjonar. Redigert versjon
049/25	Kunstplan for Albertatunet
050/25	Namnesak - 2 vegar på Fjordbase
051/25	Namnesak - Avkøyring til Botnastranda frå RV5
052/25	Namnesak - interne vegar på Westcon sitt område
053/25	Namnesak - ny veg i Norddalsfjord
054/25	Namnesak - ny veg på Kulen
055/25	Namnesak - nytt hyttefelt på Skorpa
056/25	Namnesak - veg på Slettevollen
057/25	Ny områdeadresse - Hovden, Gbnr 1/10
058/25	Ny områdeadresse - Kvannhovden fyr, Gbnr 1/3
059/25	Prosjektplan: Revitalisering av Florø kulturhus



Saksnr.	Utval	Møtedato
042/25	Oppvekst- og kulturutvalet	09.09.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste

OPKUV- 042/25 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 09.09.2025:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

OPKUV- 042/25 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksnr.	Utval	Møtedato
043/25	Oppvekst- og kulturutvalet	09.09.2025

Godkjenning av møteprotokoll

OPKUV- 043/25 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Politikerportalen og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 09.09.2025:

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

OPKUV- 043/25 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Oppvekst- og kulturutvalet - 03.06.2025



Saksnr.	Utval	Møtedato
044/25	Oppvekst- og kulturutvalet	09.09.2025

Refererte skriv og meldingar

OPKUV- 044/25 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 09.09.2025:

Kulturkonferansen i Vestland er lagt til Florø i november. Utvalsleiar ønskjer å diskutere deltaking i Kulturkonferansen Vestland seinare i møtet.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedtatt.

OPKUV- 044/25 Vedtak:


Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggende sak:

010/25, Avsluttar tilsyn med Kinn kommune - barnevernstenestas oppfølging av barn i fosterheim

011/25, Kulturkonferansen Vestland 2025

012/25, Endringar i kulturlova



Saksnr.	Utval	Møtedato
045/25	Oppvekst- og kulturutvalet	09.09.2025

Orienteringar

OPKUV- 045/25 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Fellesorienteringar OK og HSO:

Tilstandsrapport 2024 - Kinn barnevern v/Lena Eikefjord

Kunstplan for Albertatunet v/Vibeke Christensen

Handlingsplan mot vold i nære relasjonar, redigert versjon v/Trude Gulbranson

Orienteringar OK-utvalet:

Satsinga på lesing og leseglede

Prosess oppfølging av høyringa på områdeplanar

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 09.09.2025:

Felles orientering med HSO-utvalet

Tilstandsrapport 2024 - Kinn barnevern: Leiar for barnevernstenesten, Lena Eikefjord, orienterte om tilstandsrapporten og svarte på spørsmål. Vedtakssak til handsaming i møtet.

Kunstplan for Albertatunet: Margit Drivenes Kløvfjell presenterte kunstkonsulent Vibeke Christensen. Vibeke Christensen presenterte kunstplanen, og svarte på spørsmål. Margit Drivenes Kløvfjell svarte på spørsmål knytt til økonomi og politiske vedtak som ligg til grunn for arbeidet. Elin Sørbotten svarte om spørsmål om bruk av lys og lysspel som prosjektgruppa jobbar med. Vedtakssak til handsaming i møtet.

Handlingsplan mot vold i nære relasjonar: Trude Gulbrandson presenterte revidert versjon av planen og svarte på spørsmål. Vedtakssak til handsaming seinare i møtet.

Orientering i OK-utvalet


Satsing på lesing og leseglede: Orientering av kommunalsjef Runa Nybakk og rådgjevarar på oppvekstområdet

Prosess for oppfølging av høyringa på sak om områdeplanar

Presentasjon vert lagt med møteboka.

OPKUV- 045/25 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.



Saksnr.	Utval	Møtedato
046/25	Oppvekst- og kulturutvalet	09.09.2025
	Kommunestyret	

Forskrift om plan for skuledagar, ferie og fridagar i Kinn kommune, skuleåret 2026-2027

OPKUV- 046/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre vedtek «Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2026-2027, i Kinn kommune» slik det går fram av vedlegget.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre vedtek «Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2026-2027, i Kinn kommune» slik det går fram av vedlegget.

Bakgrunn for saka:

Kommunen skal kvart år fastsette forskrift om skuledagar, ferie og fridagar for elevane (jf ny opplæringslov § 14-1).

Ei tidleg fastsetting av skuleruta, vil gje ei godt utgangspunkt for ei tidleg planlegging av skuleåret, av arbeidet med felles kompetansetiltak, og ferieplanlegging.

Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar er ei lokal forskrift som skal kunngjerast i Norsk Lovtidend. Kommunen må følgje reglane i forvaltningslova i utarbeidinga av forskrifta.

I samsvar med vedtak i sak KOST - 87/23 *Politisk organisering og delegering i Kinn kommune*, kap. 2.3 Oppvekst- og kulturutval, 2.3.5 Innstillingsrett, punkt b) skal Oppvekst og kulturutvalet innstille til kommunestyret, i sak om fastsetting av forskrift om skule- og feriedagar.

Høyringsutkast til *Forskrift om skuledagar, feriedagar og fridagar skuleåret 2026-2027 i Kinn kommune*, vart handsama i Oppvekst- og kulturutvalet 03.06.25 og sendt ut på høyring til aktuelle høyringsinstansar med høyringsfrist 13.07.25.

Oppvekst- og kulturutvalet skal i denne saka handsame høyringsinnspel(a), og innstille i sak til kommunestyret som gjer endeleg vedtak.

Saksopplysningar:

Kommunane i fylket har tradisjon for å samarbeide i fastsettinga av plan for skuledagar, feriedagar og fridagar. Høyringsutkastet *Forskrift om skuledagar, feriedagar og fridagar skuleåret 2026-2027 i Kinn kommune* er utarbeidd etter vurderingar i leiargruppene i

regionane (Nordfjord- og Sunnfjordregionen)

Følgjande føringar i lovverk, avtaleverk, nasjonale satsingar og samarbeid mellom kommunane er tatt omsyn til:

- Skuleåret for elevane er på til saman 190 dagar, og opplæring skal strekkje seg over minst 38 veker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skuleåret (opplæringslova § 14-1).
- 6 planleggingsdagar for det pedagogiske personalet (jf. gjeldande arbeidstidsavtale for lærarar). Desse kjem i tillegg til elevane sine skuledagar.
- Gjennomføring av nasjonale prøver
- Eksamensavvikling
- Sensurering og fellessensur
- Plassering av bevegelege heilagdagar og påskeferie
- Elevfrie dagar
- Samarbeid med nabokommunar og i regionen/fylket
- Organisering av skuleskyss (Vestland fylkeskommune)

Høyringsutkast til *Forskrift om skuledagar, feriedagar og fridagar skuleåret 2026-2027 i Kinn kommune*, vart som kjent handsama i Oppvekst- og kulturutvalet 03.06.25 og sendt ut på høyring til aktuelle høyringsinstansar med høyringsfrist 13.07.25. Det kom inn eitt høyringssvar innan fristen (sjå vedlegg).

Utdanningsforbundet Kinn sitt høyringsinnspel på "Plan for skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2026-2027 i Kinn kommune"

Det vert elevfri dag 04.01.2027 i staden for 06.11.2026.

- *Det vil vere hensiktsmessig å ha elevfri dag 04.01 mtp. at det potensielt kan vere ein planleggingsdag for det pedagogiske personalet.*

Vurderingar:

I høyringsutkastet til *forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2026-2027*, har kommunane vore einige om å vidareføre felles prinsipp frå samarbeidet i tidlegare Sogn og Fjordane;

- Skuleåret startar på ein måndag (17. august 2026)
- Mest mogleg samanhengande undervisningsperiodar for elevane gjennom skuleåret
- Haustferie i veke 41
- Vinterferie i veke 8
- Siste skuledag vert på ein fredag (18. juni 2027)
- Samkøyring av planleggingsdagar for tilsette i enkeltkommunar og i regionssamanheng for å kunne legge til rette for felles kompetansesatsingar
- Planleggingsdag i november i samsvar med fylkeskommunen sin felles planleggingsdag for tilsette i vidaregåande skule.

Som tidlegare omtalt kom det berre inn eitt høyringsinnspel til saka. Kommunedirektøren har vurdert høyringsinnspelet frå Utdanningsforbundet Kinn om å endre elevfri dag frå fredag 06.11.2026 til måndag 04.01.2027. Kommunedirektøren er einig i at det er ein fordel for tenestene å kunne ha ein dag til pedagogisk utviklingsarbeid for personalet i samband med oppstart etter nyttår. Dette legg ein som regel til rette for i skuleruta så sant det er praktisk mogleg å få til. Sidan kalenderen for 2026-2027 ikkje skapar naturleg rom for ein planleggingsdag i januar, vurderer kommunedirektøren likevel at det beste og mest naturlege vil vere at elevane startar på skulen første måndag etter juleferie. Med Utdanningsforbundet sitt innspel vil elevane først starte på skulen tysdag 05.01.2027. Kommunedirektøren vil også peike på at det sjølvstg er mogleg for

tenestene å nytte 06.11.2026 til pedagogisk utviklingsarbeid i personalet.

Kommunedirektøren tilrår at forskrifta, utforma med bakgrunn i både lokale og regionale vurderingar, vert vedteken slik ho ligg føre og sendt til kommunestyret for endeleg vedtak.

Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2026-2027 i Kinn kommune, følgjer som vedlegg til saka.

Økonomiske konsekvensar:

Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2026-2027 i Kinn kommune, slik den ligg føre, har ikkje økonomiske konsekvensar for kommunen. Dersom kommunen planlegg skuledagar eller fridagar som avvik frå dei andre kommunane som ein samarbeider med, kan dette føre til auka skysskostnader.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Opplæringslova
Forvaltningslova

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 09.09.2025:

Nytt forslag, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre
Forslaget til Utdanningsforbundet blir tatt til følge.

, foreslått av ,

Mona Ødegård Standal svarte på spørsmål frå utvalet om "inneklemde dagar".

Røysting:


Framlegg frå Venstre v/repr. Eliasson vart sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg og falt med 3 røyster frå Venstre v/Eliasson, Raudt v/Knutsen og SP v/Borge.

OPKUV- 046/25 Vedtak:

Kinn kommunestyre vedtek «Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2026-2027, i Kinn kommune» slik det går fram av vedlegget.

Vedlegg i saken:

Høyringsinnspel: Plan for skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2026-2027 i Kinn kommune
Forskrift om skuledagar - ferie og fridagar skuleåret 2026-2027 i Kinn kommune



Saksnr.	Utval	Møtedato
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
047/25	Oppvekst- og kulturutvalet	09.09.2025
022/25	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	09.09.2025
	Kommunestyret	

Tilstandsrapport 2024 - Kinn barnevern

OPKUV- 047/25 Vedtak:

Orienteringa om Tilstandsrapport 2024 for Kinn barnevern vert tatt til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa om Tilstandsrapport 2024 for Kinn barnevern vert tatt til vitande.

Bakgrunn for saka:

Frå 01.01.2021 er det lovbestemt at kommunestyret minst ein gang i året skal få ei orientering om tilstanden i barnevernstenesta (bvl § 2-1 åttande ledd).

Tilstandsrapport 2024 for Barnevernstenesta i Kinn er nå utarbeidd, og vert presentert i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Oppvekst og kulturutvalet og Helse-, sosial og omsorgsutvalet før den går vidare til handsaming i Kinn kommunestyre.

Saksopplysningar:

Kinn kommunestyre og kommunen si administrative leiding har det overordna ansvaret for at barneverntenesta vert forvalta i samsvar med gjeldande regelverk, og at tenesta som vert ytt er forsvarleg.

Årleg tilstandsrapportering er ein del av kommunen si plikt til internkontroll av barneverntenesta (jf kommunelova § 25-1).

Rapporten skal bidra til auka bevisstheit i høve kva som er godt barnevern, kunnskap om barneverntenesta sin kapasitet, oppfylling av tidsfristart, ressursbruk og samarbeid med andre instansar. Tilstandsrapporten er såleis eit verkty som sikrar kommunen si styring og systematiske kontroll med at barneverntenesta utfører arbeidet slik at barn og familiar får den hjelpa dei har behov for.

Tilstandsrapporten for 2024 gjev orientering om m.a:

- Kinn barnevern si nye organisering av arbeidet i team, innført i 2024
- Status for arbeidet med meldingar, undersøkingar og hjelpetiltak, og barnevernleiar si vurdering av dette
- Kvalitetsarbeidet i tenesta

- Økonomi
- Fokus- og innsatsområde

Vurderingar:

Tilstandsrapporten synleggjer barnevernet sitt arbeid i 2024, og gjev viktig informasjon til administrativ og politisk leiing om ansvaret og kvaliteten i tenestetilbodet.

Statsforvaltaren i Vestland gjennomførte tilsyn med Kinn barnevern i juni 2023, som del av landsomfattande tilsyn med barneverntenesta si oppfølging av barn plassert i fosterheim. Arbeidet med å lukke avvik har vore eit omfattande arbeid også i 2024. Barneverntenesta har styrka arbeidet med kvalitet og forsvarleg oppfølging av barn under omsorg, gjennom å etablere nye rutinar og endra praksis for å sikre tryggleik og rett hjelp i samsvar med gjeldande regelverk. Statsforvaltaren i Vestland har i brev av 28.05.2025 avslutta tilsynet. I vurderinga er det lagt vekt på at Kinn barnevernteneste har iverksett og gjennomført relevante tiltak som er eigna til å sikre at barn i fosterheim får forsvarleg oppfølging.

I 2024 er dei tilsette organisert etter «spesialistmodell» og inndelt i ulike team for m.a. å kvalitetssikre arbeidsprosessane og sakshandsaminga, og for å sikre ein felles og forsvarleg praksis.

Det er ein liten auke i talet på meldingar frå 2023 til 2024. Kommunedirektøren viser til barnevernleiar si vurdering av arbeidet med meldingar, undersøkingar, tiltaksarbeid, barn under omsorg og arbeidet med ettervern.

Kinn barnevern har ei stabil og erfaren personalgruppe med høg fagleg kompetanse som gjev tenesta eit godt fagleg grunnlag for å sikre forsvarleg oppfølging av barn og familiar i utsette livssituasjonar. Dette er ein viktig føresetnad for å kunne møte aukande og komplekse krav som barnevernet står i, både fagleg, juridisk og etisk. Tenesta jobbar også systematisk og målretta for å styrke arbeidsmiljøet og å redusere sjukefråveret, gjennom å ha fokus på trivsel, fagleg støtte og gode arbeidsvilkår.

Barneverntenesta er ei driftsmessig kompleks teneste, der nye og alvorlege barnevernsaker kan gje risiko for utføreseilege og auka kostnader. I 2024 har tenesta fleire barn i kostnadskrevjande institusjonstiltak. Samanlikna med gjennomsnittet i kommunegruppe 7 har Kinn kommune høgare driftsutgifter pr barn, både tiltak i heim og tiltak utanfor heim. I budsjett- og omstillingsarbeidet ser tenesta på korleis få til god ressursutnytting innanfor vedteken ramme ved å identifisere kostnadsdrivarar knytt til tiltak i og utanfor heimen, og vurderer prioritering og effektivisering av drifta utan at dette går ut over rettstryggleik eller lovpålagt forsvarlegheit.

Barneverntenesten deltek i tverrfagleg førebyggjande arbeid og arbeid med tidleg innsats, og samarbeider med andre tenester i oppvekstsektoren i «laget rundt barnet». Kommunedirektøren vurderer at det tverrfagleg arbeidet vil vere eit viktig verktøy for å sikre forplikting til og systematisk innsats med å legge til rette for heilskaplege tenester til barn og unge.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Barnevernlova
Endringar i velferdstjenestelovgivninga
KOSTRA-statistikk 2024

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 09.09.2025:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

OPKUV- 047/25 Vedtak:

Orienteringa om Tilstandsrapport 2024 for Kinn barnevern vert tatt til vitande.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 09.09.2025:

HSO-utvalet ønskjer å holdast orientert om korleis arbeidet blir jobba med framover, gjerne til våren.

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

HSOUV- 022/25 Vedtak:

Orienteringa om Tilstandsrapport 2024 for Kinn barnevern vert tatt til vitande.

Vedlegg i saken:

Tilstandsrapport Kinn barnevern - 2024



Saksnr.	Utval	Møtedato
	Kinn eldreråd	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
023/25	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	09.09.2025
048/25	Oppvekst- og kulturutvalet	09.09.2025
	Kommunestyret	

Orientering - Handlingsplan mot vold i nære relasjonar. Redigert versjon

OPKUV- 048/25 Vedtak:

Orienteringa vert tatt til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert tatt til vitande.

Bakgrunn for saka:

Bakgrunn for saka er å orientere om revidering av Handlingsplan mot vold i nære relasjonar.

Planen er gjennomgått og revidert mai-september 2025. Revideringa har bakgrunn i ny nasjonal opptrappingsplan mot vold og overgrep mot barn og vold i nære relasjonar (2024-2028) Trygghet for alle.

Saksopplysningar:

Kinn kommune har hatt handlingsplan mot vold i nære relasjonar i mange år, og hensikta med planen er at innsatsen på området vald og overgrep skal sikre eit hjelpetilbod som er kunnskapsbasert og samordna på kommunenivå.

Dei strategiske satsingane er innanfor områda:

1. Kunnskap og kompetanse
2. Identifisere ofre
3. Gode hjelpetilbod gjennom samhandling

Det er eit mål å gjere innbyggjarane i Kinn kommune, og det offentlege Kinn i betre stand til å beskytte personar som er ofre for vald og overgrep. Planen er eit kunnskapsdokument med handlingsark for tenestene og ein forenkla plakat for å bygge kunnskap i samfunnet. Ved at oppdraga i planen vert gjennomført, bidreg det til å auke kunnskapen om vald og overgrep, og målet er at auka kunnskap vil gjere det enklare og tryggare å våge å sjå og tore å handle. Planen tydeleggjer ansvar, og er konkret på kva oppdrag vi skal gjere.

I revideringa er Kinn kommune sin handlingsplan er avstemt med nasjonal opptrappingsplan på områda kompetanseheving, betre samarbeid og informasjonsflyt, kamp mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald.

Lenke til plan: [Handlingsplan mot vald i nære relasjonar](#)

Det har vore tverrfagleg arbeidsgruppe for revisjon av planen:

Trude Gulbranson, Strategi og samordning. Janne Midtbø, Strategi og samordning. Anja Korneliussen, Krisesenteret i Sogn og Fjordane. Lena Eikefjord og Turid Vika Skram, Barnevern. Kari Liseth, Helsestasjon. Marianne Sandvik, Nav. Sissel Leni Sundal Nærø, kommuneadvokaten, Gry Ommedal, Strategi og samordning. Mari Bakke Ingebrigtsen, Kurs KF. Elisabeth Solheim, folkehelsekoordinator. Annelin Refvik, Raudeberg skule. Marianne Nødset, Strategi og samordning. Åse Romuld, Sigrid Hopen Eliasson og Julie Sneltvedt, politiet.

Vurderingar:

Planen er tydeleg, og ein god handlingsplan mot Vold i nære relasjonar. Det ligg gjennomførbare og konkrete tiltak i planen som kan bidra til å minske vald i nære relasjonar.

Planen har 5 oppdrag knytt til førebygging – våge å sjå, deretter 2 oppdrag knytt til å avklare- våge å spørje, og til sist 2 oppdrag som er knytt til å handle – mot til handling.

Økonomiske konsekvensar:

Oppdraga er tiltaka vi skal gjere innanfor driftsrammene. Planen har ikkje tiltak som inneberer investeringar eller auka driftsrammer/økonomiplantiltak.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Prop. 36 S \(2023–2024\)](#)

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 09.09.2025:

Fremlegg til vedtak, foreslått av Heidi Borge, Kinn Senterparti

Det er på høg tid at seksuelle overgrep vert satt på dagsorden, og prioritert politisk.

Dette er eit stort samfunnsproblem og eit folkehelseproblem, som vi må snakke i hel.

Førebygging kan ikkje verte sagt ofte nok i denne samanheng. Born skal tidleg lære om grenser og kropp, ned i barnehagealder.

Førekosten av seksuelle overgrep i Norge er høg.

Kvar 7. jente og kvar 14. gut har opplevd alvorlege seksuelle overgrep før fylte 18 år.

(NOVA 5/16 Vold og overgrep mot barn og unge). Dvs ca 1836 innbyggjarar i Kinn kommune.

Konsekvensar av seksuelle overgrep er store, på både indivinivå og samfunnsøkonomisk.

Seksuelle overgrep kan føre til ei rekke psykiske og fysiske helseplager

Dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av seksuelle overgrep og vald i kommunane

hadde ein kostnad på 93 milliardar i 2021 (Menon Economics 2023). Ifølgje

Folkehelseinstituttet kostar kvart individ som blir utsett for seksuelle overgrep samfunnet

i snitt 7 millionar kroner. Dette skuldast blant anna utgifter til helsevesenet,

rettsvesenet, politiet og sosialtenesta. I tillegg kjem tapte inntekter og redusert

livskvalitet og i verste fall tap av liv for den som blir utsett for overgrepet og deira

pårørande.

I følge NOU 2024:4 Voldtekt- eit uløyst samfunnsproblem, har kommunane eit særleg

ansvar: «Kommunene kan spille en sentral rolle i arbeidet med å forebygge voldtekt.....

Arbeidet med å forebygge og bekjempe voldtekt krever tydelig ledelse som sikrer innsats

fra flere ulike sektorer. Det handler om å utvikle og iverksette målrettede forebyggingstiltak, gjøre støttetjenester og nødvendig behandling tilgjengelig for alle utsatte.»

I denne rapporten vert det framheva korleis Nok. Sentra kan redusere kostnadane for kommunane - både gjennom det førebyggjande arbeidet, og som eit viktig supplement og avlastning til det offentlege helsetilbodet for sårbare menneske.

Nok. Sogn og Fjordane er eit tverrfagleg lågterskeltilbod med høg kompetanse. Senteret ligg i Førde, og omliggjande kommunar, som Kinn, bidrar med midlar for å drifte senteret. Såleis kan Kinn kommune nytte seg av tilbodet senteret tilbyr.

Deira tilbod er gratis og inneber blant anna eine samtalar, gruppesamtalar og juridisk rådgjeving til utsette for seksuelle overgrep og deira pårørande. Dei tilbyr undervisning og føredrag til fagpersonar, utdanningsinstitusjonar og organisasjonar. Samstundes jobbar dei med førebyggjande arbeid i deira tilhøyrande kommunar. Når Kinn Kommune bidrar til drifta av senteret, er det viktig vi nyttar av den kunnskapen dei har. Dei gir kompetanseheving i fagfeltet.

Vi må samhandle mellom kommunen sine tenester, og med Nok. senteret i Førde.

Kunnskap om seksualitet er det beste forsvar mot seksuelle overgrep.

- Vi treng å vedtakfeste bruk av førebyggjande arbeid i både helsestasjon, barnehage, grunnskule og den vidaregåande skule.
- Kropp og grensesetting skal vere obligatoriske tema for borna på 2 - og 4årskontroller
- Vi må vedtakfeste at alle barnehagar skal ha hjartesamling, i regi av Nok senter
- Kropp, grenser og seksualitet skal vere obligatorisk i 5.klasser i Kinn kommune.
- I tillegg til handlingsplan mot vold i nære relasjonar, skal vi også ha ein handlingsplan mot seksuelle overgrep og ein plan for forebygging.
- Etablere avtale med Nok.senteret i Førde om hjartesamling, ressurs for kommunalt ansatte som treng råd og veiledning i saker om seksuelle overgrep.
- Læreplanen i skulen legg til rette for at born og unge skal få god kunnskap om seksualitet, men for at dette skal vere nyttig, treng vi trygge lærere med god ferdigheit i å snakke om seksualitet.
- Helsesjulepleiarane er grunnstammen i det seksuelle folkehelsearbeidet
- Mange barn og unge nyttar fritida si på organisert aktivitet på idrett- eller kulturarena. Her treng dei å møte trygge vaksne.

Ei uroleg trend som har vokse i vår digitaliserte tidsalder er auka rundt skadeleg seksuell åtferd (SSA). Lett tilgjengeleg pornografi på internett har blitt ein uunngåeleg del av barn og unges digitale opplevingar. Dette har skapt eit samfunnsklima der unge menneske kan bli utsett for upassande innhald som normaliserer skadeleg seksuell åtferd. Det er nødvendig å forstå saman hengen mellom tidleg eksponering for slikt materiale og utviklinga av skadeleg åtferd seinare i livet.

Ungdom ynskjer meir informasjon om seksualitet. Når dei ikkje får det på skulen, så søker dei informasjonen på internett. Norske born er på topp når det gjeld å sjå porno. 63% av 13 år gamle gutar og 42 % av 13 år gamle jenter ser porno. Det er her dei lærar om sex og seksualitet. Dette gjer noko med borna.

I skuggane av tabu og tausheit ligg ei rå realitet som altfor mange opplever – seksuelle overgrep. Konsekvensane av slike traumatiske hendingar strekker seg langt utover augneblinken, dei skjer og rører både dei som er utsett og dei rundt på eit djupare plan. Openheit rundt dette sårbare temaet er avgjerande for å bryte ned barrierane som bidreg til å oppretthalde denne skuggen. Konsekvensane av seksuelle overgrep er mangfaldige og vedvarande. Dei utsette kan oppleve psykiske, fysiske og sosiale utfordringar gjennom heile livet. Trauma kan påverke individet si evne til å etablere sunne relasjonar, handtere stress og oppnå ei tilfredsstillande seksuell helse. Det er difor viktig å understreke at open kommunikasjon om seksuelle overgrep er ein viktig del av helingsprosessen.

Seksuelle overgrep er ei grufull realitet som påverkar samfunnet djupt. Å ta opp dette vanskelege emnet, fremje god seksuell helse og gje born og unge rett opplæring, er viktige steg mot å skape eit samfunn der alle har rett til ei trygg og respektfull seksuell oppleving. Ved å avvæpne tabu og arbeide aktivt for å førebygge, kan vi håpe på ein

framtid der ingen treng å leve i skuggen av overgrep.

Å integrere seksuell helseopplæring frå tidleg alder blir difor essensielt. Barn og unge må rustast med kunnskap om grensesetting, respekt og betydinga av samtykke. Dette vil ikkje berre bidra til å førebygge seksuelle overgrep, men og hjelpe unge menneske til å utvikle sunne haldningar og forståing av eigen kropp. Vi vert nøydte til å handtere påverknaden av pornografi. Ved å erkjenne at born og unge i dag blir eksponerte for denne typen materiale, må vi tilby dei rettleiing om kritisk tenking og realistisk forståing av seksualitet. Det er viktig å lære barn og unge at porno IKKJE gir eit realistisk bilete av sunn, trygg og god seksuell åtferd. Kunnskap og informasjon retta mot barn og unge er den beste måten å førebyggje på.

Omfangstalla for overgrep har ikkje endra seg dei siste 30 åra. Dei som er unge i dag har minst like stor risiko for å bli utsett for seksuelle overgrep som dei som vaks opp på 50-talet. Det betyr at vi må gjere meir.

Seksuelle overgrep kan ha store konsekvenser for den enkelte, og omfanget viser at dette må regnes som et folkehelseproblem.

Negative barnsdomserfaringer er den sterkeste predikatoren på helseutfordringer i voksenlivet. Vi ser at av dem som har opplevd en voldtekt med makt eller tvang, er halvparten under atten år. Undersøkelser viser at svært mange unge har vært utsatt for uønsket seksuell oppmerksomhet.

Difor er førebygging eit viktig strategisk handlingsområde i handlingsplanen.

Utvalseiar Hilmar Eliasson bed om habilitetsvurdering i handsaminga av saka, med bakgrunn i at Sigrid Hopen Eliasson (datter) har delteke i arbeidsgruppa som har revidert Handlingsplan mot vold i nære relasjonar.

Kommunedirektøren vurderer at Hilmar Eliasson ikkje er inhabil i sakshandsaminga.

Sigrid Hopen Eliasson har delteke i arbeidsgruppa som representant frå politiet, der ho er tilsett. Ho er ikkje part i sakshandsaminga.

Dagrunn Almenning Kvalheim (nestleiar i OK-utvalet) tek over møteleiinga i utvalet medan saka om habilitetsspørsmålet vert vurdert av utvalet.

Oppvekst- og kulturutvalet gjer samrøystes vedtak om at Hilmar Eliasson ikkje er inhabil i sakshandsaminga.

Røysting:

Framlegg frå SP v/repr. Borge falt med ei røyst frå SP v/Borge.

OPKUV- 048/25 Vedtak:

Orienteringa vert tatt til vitande.


Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 09.09.2025:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

HSOUV- 023/25 Vedtak:

Orienteringa vert tatt til vitande.



Saksnr.	Utval	Møtedato
049/25	Oppvekst- og kulturutvalet	09.09.2025

Kunstplan for Albertatunet

OPKUV- 049/25 Vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet godkjenner kunstplanen slik det ligg føre.
I det vidare arbeidet med val av kunstverk må ein ha med seg oversikt av lokale kunstverk som til dømes av Bjørn Hegrane, som og vert med i arbeidet med kunstplanen.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet godkjenner kunstplanen slik det ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Formannskapet vedtok i sak 129/23 å sette av 0,2% av byggets entreprisestnad til kunst. Dette er berekna til om lag kr 1 mill inkl. moms.

Ok – utvalet tok prosess knytt til anskaffing av kunst på Albertatunet til vitane i sak 032/24.

Det er eit mål at kunsten i Albertatunet skal vere klart når bygget blir tatt i bruk.

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren har jmf sak om prosess innhenta kunstkonsulent for å bistå i kuratering og anskaffing av kunsten til Albertatunet.

Kunstkonsulent Vibeke Christensen, er dagleg leiar, kunstprodusent og kurator i Mesen. Og har lang og omfattande erfaring som kunstkonsulent mellom i offentleg rom, både utandørs og i bygg som td. helsehus.

Det blei etablert eit kunstutval for å bistå kunstkonsulenten i arbeidet.

Kunstutvalet har hatt med seg fleire representantar frå ulike brukargrupper, som også er representert i overordna prosjektgruppe for Albertatunet. I tillegg prosjektmedarbeidarar og kunstfagleg kompetanse. Kunstutvalet har hatt 3 møte våren 25.

Kuratorisk grep.

Med kuratorisk grep meiner ein her kva rammer ein ønskje for kunsten. Dette kan vere knytt til form, uttrykk og plassering av kunst.

Kunstplanene legg opp til at kunsten skal vere taktil og sanseleg.

« Kunst som stimulerer til sanselig erfaring og som henter inspirasjon fra stedets omgivelser, materialitet og tradisjoner, kan være et godt verktøy for kognitive prosesser som meningsskaping, refleksjon og selvbiografisk minne. Den taktile kvaliteten ved kunsten – det at den kan sees, berøres eller kjennes – åpner for sanseerfaringer som har dokumentert helsefremmende effekt. Berørbare materialer, organiske former og spor av håndverk kan fremkalle minner og gjenkjennelse, og skape en følelse av trygghet og tilhørighet. »

Det er felt tre lindetre som stod på tomte. 1-2 av disse vil bli stilt til disposisjon for kunstnaren dersom dei har god nok kvalitet og er eigna materiale.

Område for plassering av kunst

Kunstplanen legg opp til å plassere kunst som hovudsak i hjertesoner, trapperom og fellesareal. Seremoniromet kan vere aktuelt saman med uterommet. Kva og korleis dette blir løyst er avhengig av kunsten og om dei fysiske omgjevnadane blir tilrettelagt for kunsten.

Kunstkonsulenten vil bistå prosjektet vidare for å sikre så god tilrettelegging som mogleg gjennom dei ordinære løysingane. Dette kan vere knytt til plassering av inforskjermar, val av farge på vegg, opplegg for lyssetting og feste i vegg.

Metode for anskaffing.

Kunstplanen legg opp til direkteanskaffelse av kunstverk. Det betyr at kunstkonsulenten går i dialog med ein eller fleire aktuelle kunstnere som arbeider innanfor rammene av det kuratoriske grepet. Kunstnaren lager eit kunstverk for prosjektet.

Det kan og vere aktuelt å kjøpe eksistrande kunst, kunst som allereie er laga dersom det er innanfor dei økonomiske rammene.

Vidare vil prosjektet «gjenbruke» kunst av god kvalitet som kommunen allereie eig.

Armlengdes avstand i ny kulturlov.

01.07.25 trådde ny kulturlov i kraft. Dette er ei endring av kulturlova frå 2007, der det såkalla infrastrukturkravet i Grunnlova §100 sjette leddet om at styresmaktene har plikt til å «legge til rette for eit ope og opplyst offentleg ordsifte» er blitt forankra i føremålsparagrafen i kulturlova §1. Følgande blei vedtatt endra:

§ 1 Føremål

Lova skal leggja til rette for eit ope og opplyst offentleg ordsifte gjennom å fastleggja offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd i tråd med prinsippet om armlengds avstand, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.

Ny § 2 a skal lyde:

§ 2 a Avstand til politiske styresmakter

Avgjerder som i hovudsak skal baserast på kunstnarleg eller kulturfagleg skjønn, skal treffast av personar med relevant fagkompetanse. Politiske styresmakter kan ikkje overprøva eller instruera om innhaldet i slike avgjerder. Dette er ikkje til hinder for overordna styring gjennom økonomiske og juridiske rammer og generelle mål.

Første leddet gjeld ikkje

- a. *avgjerder basert på kulturmiljøfagleg skjønn, inkludert avgjerder om tildeling av tilskot til tiltak knytte til kulturmiljø, eller til ivaretaking av tradisjonshandverk når tilskotet har samband med slike tiltak*
- b. *ved behandling av klage etter forvaltningslova § 28 andre leddet.*

§ 4 nytt andre ledd skal lyde:

Fylkeskommunen og kommunen skal ha ei skriftleg oversikt over status og utviklingsbehov på kulturfeltet og fastsetja overordna mål og strategiar for dette feltet i arbeidet med planar etter plan- og bygningslova kapittel 8 og 11. Måla og strategiane bør vera eigna til å møte dei utfordringane som går fram i den skriftlege oversikta.

Vurderingar:

Arbeidet med kunstplanen forankra godt inn i arbeidet med Albertatunet gjennom kunstutvalet.

Kommunedirektøren vurderer at det har vore ein god prosess, der prosjektet og brukargrupper har vore involvert.

For å ivareta krava om armlengdes avstand i ny kulturlov er det avgjerande at den kunstfaglege komeptansen er tilført prosjektet. Det er kunstkonsulenten som har dialogen med kunstnarane og det vil vere denne som følger opp det vidare arbeidet.

Kommunedirektøren at kunstplanen slik den no ligg føre stettar krava i ny kulturlov om armlengdes avstand. Kunstplanen legg opp til ei politisk vedtak av rammene for kunsten, men ikkje strying av det kunstnarlege uttrykket.

Kunstplanen legg opp til lokal tilhørighet gjennom bruk av lokalt materiale, metode for anskaffing og omplassering av kunst som vi allereie kjenner.

Vidare arbeid:

Med bakgrunn i kunstplanen vil kunstkonsulenten, i samråd med kunstutvalet kontakte aktuelle kunstnere som arbeider innanfor dei rammene planen gir. Kunst vil bli bestilt. Kunstkonsulenten vil følgje produksjonen av kunsten og vere iet viktig bindeledd inn mot prosjektet for å sikre gode løysingar for lys, fargeval og plassering.

Økonomiske konsekvensar:

Dei økonomiske rammene for kunstprosjektet er rekna til om lag kr 1 mill.inkl moms. Prosjektet vil søke eksterne midlar for å utvide den økonomiske ramma.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Kulturlova](#)

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 09.09.2025:

Innstilling frå Ad Hoc-utvalet 08.09.2025, foreslått av ,
Ad Hoc utvalet stiller seg bak kunstplanen slik den ligg føre.

Utvalgskriterier og eksisterande kunstverk, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre
I det vidare arbeidet med val av kunstverk må ein ha med seg oversikt av lokale kunstverk som til dømes av Bjørn Hegrane, som og vert med i arbeidet med kunstplanen.

Knut Robert Knutsen og Aud Norunn Vig orienterte om handsaminga i Ad Hoc utvalet.
Planen er utarbeidd innanfor dei rammene som er gitt i vedtak frå Formannskapet.

Anita Solbakken orienterte om omgrepet "armlengdes avstand", som vart innført i Kulturlova gjeldande frå juni 2025.

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.
Tilleggsframlegg frå Venstre v/repr. Eliasson samrøystes vedteke.

OPKUV- 049/25 Vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet godkjenner kunstplanen slik det ligg føre.
I det vidare arbeidet med val av kunstverk må ein ha med seg oversikt av lokale kunstverk som til dømes av Bjørn Hegrane, som og vert med i arbeidet med kunstplanen.

Vedlegg i saken:

Kunstplan albertatunet.aug.2025



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
050/25	Oppvekst- og kulturutvalet	09.09.2025

Namnesak - 2 vegar på Fjordbase

OPKUV- 050/25 Vedtak:

Vegparsell 1056 får namnet Gaddholmvegen, vegparsell 1061 får namnet Naustholmvegen.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vegparsell 1056 får namnet Gaddholmvegen, vegparsell 1061 får namnet Naustholmvegen.

Bakgrunn for saka:

Fjord Base AS har bedt om namn på to vegar på baseområdet. Dei ønsker å bruke namna Gaddholmen og Naustholmen.

Florø Historielag er invitert til å komme med namneforslag 20/6 med frist 21/7, og namnet er diskutert med dei i møte 24/6. Invitasjon er også sendt ut via kommunen sine heimesider og på Friskus. Det er kome eit grunngjeve forslag til namn (1056 Rotavegen) innan fristen, utover ønska frå grunneigar Fjord Base AS.

Vegparsell 1056 går frå ny bru vest på Botnaneset over fyllingar på Perholmen til vest på Gaddholmen. Forslag til namn er Gaddholmvegen. Vegparsell 1061 går frå Gaddholmen til Naustholmen. Forslag til namn er Naustholmvegen. Området inngår i industriområdet Botnaneset, og vegane går for det meste over fyllingar og bruer. Namna er henta frå holmane som ligg under fyllingane vegane fører til.

Namna Gaddholmen og Naustholmen er sendt ut på offentleg høyring på kommunen sine nettsider 15/7-25 med svarfrist 7/8-25. Språkrådet er bedt om uttale. Media har også plukka opp [saka](#).

Saksopplysningar:

Arbeidet med namnesaker er regulert gjennom stadnamnlova og prinsipp for namngiving utarbeidd av Språkrådet. Namneforslaga skal ha historisk forankring, og vere i tråd med god namneskikk. Kommunen sjølv eller andre kan røyse namnesak.

Dersom det kjem opp nye forslag til namn enn dei som har vore del av prosessen må heile prosessen starte på nytt.

Det er ikkje motteke høyringssvar innan fristen. Det er heller ikkje kommentert på saka i media eller på delt innlegg på Facebook.

Vurderingar:

Språkrådet uttalar seg om skrivemåte og om kva dei definerer som god namneskikk.

Språkrådet skriv at i namnsetjingssaker som dette vil det vere positivt om ein får til ei vidareføring av nedarva stadnamn.

Språkrådet tilrår at namna får etterlekkjen -vegen, då Gaddholmen og Naustholmen ikkje er dekkande for vegparsellane. Veggen til Gaddholmen går blant anna over ein holme som ber namnet Perholmen. Ifølgje SSR finst det ingen vegar i Vestland Fylke som har same namn.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Stadnamnlova](#)

Prinsipp for namngjeving utarbeidd av [Språkrådet](#)

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 09.09.2025:

Orientering om prosessen med namnfastsetting av Anita Solbakken

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.


OPKUV- 050/25 Vedtak:

Vegparsell 1056 får namnet Gaddholmvegen, vegparsell 1061 får namnet Naustholmvegen.

Vedlegg i saken:

Namnesak - 2 vegar ved Botnaneset i Kinn kommune

Kinn kommune – namn på to vegar attmed Botnaneset – tilråding



Saksnr.	Utval	Møtedato
051/25	Oppvekst- og kulturutvalet	09.09.2025

Namnesak - Avkøyring til Botnastranda frå RV5

OPKUV- 051/25 Vedtak:

Namnet på avkøyring frå RV til Botnastranda får namnet Sandvikskjervegen.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Namnet på avkøyring frå RV til Botnastranda får namnet Sandvikskjervegen.

Bakgrunn for saka:

Det er behov for namn på avkøyrsløp frå RV5/Florøvegen og vestover mot baseområdet på Botnastranda.

Grunneigarar, naboar og Florø Historielag er invitert til å komme med namneforslag 15/6 med frist 11/7. Invitasjon er også sendt ut via kommunen sine heimesider og Friskus. Firdaposten plukka også opp [saka](#). Det har vore stort engasjement, og det kom inn 23 forslag til namn innan fristen. Etter fagleg vurdering har ein landa på namnet Sandvikskjervegen, men også Kneteberget har vore diskutert.

Kneteberget er bra, men er ikkje kjent eller brukt (lenger). Kneteberget låg på gbnr 18/246, men er sprengt vekk til fordel for industri. Ifølgje Florø Historielag, som foreslo namnet, tyder det «bratt berg»/vanskeleg å komme forbi/over. Namnet er ikkje brukt i Kinn eller Bremanger.

Vegen vil med tida få ei avkøyring til planlagt lakseslakteri på fylling som ligg rett vest for Sandvikskjeret. Avkøyringa frå RV5 ligg rett sør for Sandvikskjeret. Det har vore mykje diskusjon rundt utbygginga, og området er alltid kalla Sandvikskjeret, både på folkemunne og i media. Fyllinga er ferdig. Bakdelen med namnet er at vi allereie har «Sandvikvegen» ein annan stad i kommunen, og begge forslag er derfor spelt inn.

Namna Sandvikskjeret og Kneteberget er sendt ut på offentleg høyring på kommunen sine nettsider 22/7–25 med svarfrist 7/8-25. Språkrådet er også bedt om uttale.

Saksopplysningar:

Arbeidet med namnesaker er regulert gjennom stadnamnlova og prinsipp for namngiving utarbeidd av Språkrådet. Namneforslaga skal ha historisk forankring, og vere i tråd med god namneskikk. Kommunen sjølv eller andre kan røyse namnesak.

Dersom det kjem opp nye forslag til namn enn dei som har vore del av prosessen må heile prosessen starte på nytt.

Det er ikkje motteke høyringssvar innan fristen.

Vurderingar:

Språkrådet uttalar seg om skrivemåte og om kva dei definerer som god namneskikk og skriv at det i namnsetjingssaker som dette vil vere positivt om ein får til ei vidareføring av nedarva stadnamn.

Språkrådet anbefaler namnet Knetebergvegen, og meiner det er verdifullt å få til ei vidareføring av dette historiske namnet sjølv om bergknatten er vekkskoten. Språkrådet kan også godta Sandviskjervegen, og spelar inn Inste Botnastranda som alternativ. Inste Botnastranda er ikkje foreslått av nokon, og har heller ikkje vore på høyring.

I SSR finst det frå før ingen vegar som er gjevne namna Knetebergvegen, Inste Botnastranda eller Sandviskjervegen.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Stadnamnlova](#)

Prinsipp for namngjeving er utarbeidd av [Språkrådet](#)

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 09.09.2025:

Knutsen sitt framlegg til vedtak, foreslått av Knut Robert Knutsen, Kinn Raudt
Namnet på avkøyring frå RV til Botnastranda får namnet Kneteberget

Røysting:


Framlegg frå Raudt v/repr. Knutsen falt mot 5 røyster (1 Venstre v/Eliasson, 1 AP v/Gravdal, 1 KrF v/Vig, 2 Høgre v/Mortensen og Almenning Kvalheim)

OPKUV- 051/25 Vedtak:

Namnet på avkøyring frå RV til Botnastranda får namnet Sandvikskjervegen.

Vedlegg i saken:

Namnesak på adresseparsell v/Botnastranda - Kinn kommune
Tilråding - namn på ein veg på Botnastranda



Saksnr.	Utval	Møtedato
052/25	Oppvekst- og kulturutvalet	09.09.2025

Namnesak - interne vegar på Westcon sitt område

OPKUV- 052/25 Vedtak:

Vegane på Westcon sitt område får namnet Ankerløkken

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vegane på Westcon sitt område får namnet Ankerløkken

Bakgrunn for saka:

Det er behov for namn på vegane inne på verftsområdet til Westcon Yards i Florø.

Grunneigar, naboar og Florø Historielag er invitert til å komme med namneforslag 20/6 med frist 15/7. Invitasjon er også sendt ut via kommunen sine heimesider. Det kom ingen forslag til namn.

I namnekartet på nettsida Fylkesatlas er namna Leirvågen, Gaddevågen og Hesteneset registrerte som nedarva namn i området. Alle desse er lagde til grunn for andre gatenamn i området. Namnet Ankerløkken er dessutan diskutert med historielaget i møte 24/6 og dei hadde ingen merknad til dette namnet. Dette er verftet sitt første namn og framleis mykje brukt på folkemunne. Etter ei fagleg vurdering vart derfor Ankerløkken foreslått som namn av administrasjonen.

Språkrådet er bedt om uttale, og har tilrådd å bruke namnet Verftsgata eller Verftsvegen (sjå vedlegg). Namnet Ankerløkken og Verftsgata vart sendt ut på offentlig høyring på kommunen sine nettsider 16/7-25 med svarfrist 8/8-25. Firdaposten har følgd saka, mellom anna med ei [avstemming](#). Her er det stort fleirtal for Ankerløkken.

Saksopplysningar:

Arbeidet med namnesaker er regulert gjennom stadnamnlova og prinsipp for namngiving utarbeidd av Språkrådet. Namneforslaga skal ha historisk forankring, og vere i tråd med god namneskikk. Kommunen sjølv eller andre kan røyse namnesak.

Dersom det kjem opp nye forslag til namn enn dei som har vore del av prosessen må heile prosessen starte på nytt.

Det er ikkje motteke høyringssvar frå andre enn Språkrådet innan fristen.

Vurderingar:

Språkrådet uttalar seg om skrivemåte og om kva dei definerer som god namneskikk.

Språkrådet skriv at i namnsetjingssaker som dette vil det vere positivt om ein får til ei vidareføring av nedarva stadnamn så langt det let seg gjere. Her er desse stadnamna brukt, og Språkrådet meiner;

.....difor naturleg å heller la den aktuelle vegen få eit namn som avspeglar dette at det har vore eit skipsverft på området. Det er komme framlegg om å la verksemdnamnet Ankerløkken (Ankerløkken verft) bli lagt til grunn for vegnamnet.

I åtte norske byar og tettstader har ein i saker som har dreidd seg om namn på vegar i og attmed ulike skipsverft, valt å ta utgangspunkt i nemninga verft i staden for dei aktuelle verksemdnamna. På denne måten har ein klart å ta i bruk vegnamn som har ei tydeleg tilknytning til –og ei påminning om –den typen industri som har vore på staden.

Det verkar mest tilrådeleg i denne saka å la vegen få anten namnet Verftsgata eller namnet Verftsvegen. I Fjordane og Sogn finst det frå før ingen vegparsellar som er gjevne desse namna. Vi reknar med at det er godt kjent for storparten av dei som bur i Noreg, kva som er kalla eit verft. Namnet Ankerløkken er venteleg langt mindre kjent for folk flest i landet. (Mange innbyggjarar i Hamar vil venteleg assosiere namnet først og fremst med eit område i den byen. Der er det blant anna ein barnehage med namnet Ankerløkken barnehage.)

Adminstrasjonen tilrår likevel at ein held på Ankerløkken som namn.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Stadnamnlova](#)

Prinsipp for stadnamn utarbeidd av [Språkrådet](#)

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 09.09.2025:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.


ØPKUV- 052/25 Vedtak:

Vegane på Westcon sitt område får namnet Ankerløkken

Vedlegg i saken:

Kinn kommune – namn på ein veg i eit verftsområde – tilråding

Kinn kommune – namn på ein veg i eit verftsområde – brevet frå kommunen



Saksnr.	Utval	Møtedato
053/25	Oppvekst- og kulturutvalet	09.09.2025

Namnesak - ny veg i Norddalsfjord

OPKUV- 053/25 Vedtak:

Den nye vegen i Norddalsfjord får namnet Langebergvegen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Den nye vegen i Norddalsfjord får namnet Langebergvegen

Bakgrunn for saka:

Veg under etablering i Nordalsfjord treng namn. Vegen ligg ved Furenesvatnet, i område rundt Gbnr 76/75 og 76/42.

Grunneigarar, bebuarar og Norddalsfjord Grendalag er invitert på e-post til å komme med namneforslag 24/6 med frist 21/7. Invitasjon er også sendt ut via kommunen sine heimesider. Det kom eit forslag til namn; Langebergvegen.

Vegen ligg på nordsida av ein lang markert bergrygg som går aust/vest. Denne bergryggen heiter Langeberget. Eit passende namn med lokal forankring kan derfor vere Langebergvegen. Furenesvatnet er eit alternativ.

Namnet Langebergvegen er sendt ut på offentlig høyring på kommunen sine nettsider 22/7-25 med svarfrist 12/8-25. Språkrådet er også bedt om uttale

Saksopplysningar:

Arbeidet med namnesaker er regulert gjennom stadnamnlova og prinsipp for namngiving utarbeidd av Språkrådet. Namneforslaga skal ha historisk forankring, og vere i tråd med god namneskikk. Kommunen sjølv eller andre kan røyse namnesak.

Dersom det kjem opp nye forslag til namn enn dei som har vore del av prosessen må heile prosessen starte på nytt.

Det er ikkje motteke høyringssvar innan fristen.

Vurderingar:

Språkrådet uttalar seg om skrivemåte og om kva dei definerer som god namneskikk.

Språkrådet skriv at i namnsetjingssaker som dette vil det vere positivt om ein får til ei vidareføring av nedarva stadnamn.

Språkrådet tilrår i brev 22/8-25 namnet Langebergvegen, og rår frå å leggje namnet til vatnet til grunn for vegnamnet.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Stadnamnlova](#)

Prinsipp for namngjeving utarbeidd av [Språkrådet](#)

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 09.09.2025:

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

OPKUV- 053/25 Vedtak:

Den nye vegen i Norddalsfjord får namnet Langebergvegen

Vedlegg i saken:

Tilråding – namn på ein veg attmed Furenesvatnet - Norddalsfjord
Namn på ny vegparsell - Norddalsfjord i Kinn kommune



Saksnr.	Utval	Møtedato
054/25	Oppvekst- og kulturutvalet	09.09.2025

Namnesak - ny veg på Kulen

OPKUV- 054/25 Vedtak:

Den nye vegparsellen på Kulen får namnet Kulaholmvegen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Den nye vegparsellen på Kulen får namnet **Kulaholmvegen**

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune treng namn på ny veg på Kulen. Vegen går frå ASVO og nordover mot Kulaholmane over Skitvågen, i byggefeltet Perlevågen.

Kinn kommune har invitert til innspel til namn12/6 med svarfrist 21/7 til bebuarar, Måløy Historielag og gjennom Friskus, lokalaviser og eigne heimesider. Engasjementet har vore overraskande stort, og det har komme inn 14 forskjellige forslag til namn.

På folkemunne har vågen bak Kulaholmane «alltid» blitt kalla Skitvågen, eit namn som også vert brukt i stadnamns-atlasen og av Kartverket. Området er no utfyllt, og det skal byggast bustader på fyllinga. Prosjektet i området går under namnet Perlevågen, men dette er eit konstruert namn som ikkje har historie i området.

Ved enden av den nye vegen (som ligg på fyllinga i Skitvågen) ligg Kulaholmane, der det finnst fleire store sjøbuer (dialekt; buder). Mykje tyder på at det er Kulaholmen som er det eldste namnet. Det gjekk tidlegare ikkje veg til Kulaholmen/ane, - dei var ikkje landfaste. Kulaholmen er eit godt forslag til namn, som også står i stadnamnsatlasen, men andre meiner namnet er knytt til Kulavågen på sørsida av Kulen (mot Blålidneset). Ein har hatt Kuleholmen på sørsida og Kulaholmane på nordsida av Kulen.

Andre har nemnt holmane for Skjongholmen, eller berre Holmen. Skjongholmen avspeglar ein av eigedomane på holmane der det etter krigen var ein god del aktivitet knytt mot fiskeri. Holmane var i bruk som tørkeplass for fisk for gardsbruka på Kulen. Ved sal i 1951 fekk størstedelen av holmen namnet Skjongholmen etter kjøparen Sigurd Skjong i Måløy som nytta denne eigedomen til noheng, notverkstad og båtopptrekk for snurpedoryane til Skjong-reiarlaget i Måløy. Den andre sjøbua var både utrustningsstad for M/K Heimdal (tilhøyrande b.nr 14) og det var fiskemottak i første høgda.

Vår innstilling er derfor, i prioritert rekkefølge;

- Kulaholmvegen
- Skjongholmvegen

Namna er sendt på offentlig høyring på kommunen sine nettsider 22/7-25 med svarfrist 12/8-27. Språkrådet er også bedt om uttale. I tillegg er namnet Kulabudene spelt inn til Språkrådet.

Saksopplysningar:

Arbeidet med namnesaker er regulert gjennom stadnamnlova og prinsipp for namngiving utarbeidd av Språkrådet. Namneforslaga skal ha historisk forankring, og vere i tråd med god namneskikk. Kommunen sjølv eller andre kan røyse namnesak.

Dersom det kjem opp nye forslag til namn enn dei som har vore del av prosessen må heile prosessen starte på nytt.

Det er ikkje motteke høyringssvar innan fristen.

Vurderingar:

Språkrådet uttalar seg om skrivemåte og om kva dei definerer som god namneskikk.

Språkrådet skriv at i namnsetjingssaker som dette vil det vere positivt om ein får til ei vidareføring av nedarva stadnamn, og tilrår Kulaholmvegen. Når det blir nytta ei vegnamnsform, treng det ikkje avgjerast no om holmenamnet skal skrivast med eintalsform eller fleirtalsform i offentlig samanheng. Språkrådet har ingen merknader til skrivemåtane Skjongholmvegen og Kulabudene.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Stadnamnlova](#)

Prinsipp for namngjeving utarbeidd av [Språkrådet](#)

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 09.09.2025:**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

ØPKUV- 054/25 Vedtak:


Den nye vegparsellen på Kulen får namnet Kulaholmvegen

Vedlegg i saken:

Namnesak - ny adresseparsell - Ved Ytre Kulen i Kinn kommune

Namnesak - ny adresseparsell - Ved Yte Kulen i Kinn kommune

Tilråding – namn på ein veg på neset Kulen i Måløy



Saksnr.	Utval	Møtedato
055/25	Oppvekst- og kulturutvalet	09.09.2025

Namnesak - nytt hyttefelt på Skorpa

OPKUV- 055/25 Vedtak:

Vegen i det nye hyttefeltet på Skorpa får namnet Joneset.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vegen i det nye hyttefeltet på Skorpa får namnet Joneset.

Bakgrunn for saka:

Det nye hyttefeltet på Joneset på øya Skorpa må få ei offisiell gateadresse.

Grunneigar, bebuarar og hyttefolk på Skorpa , Skorpa Bygdelag og Florø Historielag er invitert til å komme med namneforslag 25/6 med frist 21/7. Invitasjon er også sendt ut via kommunen sine heimesider og på Friskus.

Det er kome eit forslag; Joneset. Namnet ser ikkje ut til å være brukt andre stader i landet. Joneset er det tradisjonelle namnet på området på Skorpa - og brukt i fleire hundre år. Namnet er etter Jo Hansson som budde der på 1700-talet - dette er også gjort greie for i Florasoga. Muren etter huset hans står enno, og er freda.

Namnet Joneset er sendt ut på offentlig høyring på kommunen sine nettsider 22/7-25 med svarfrist 12/8-25. Språkrådet er også bedt om uttale.

Saksopplysningar:

Arbeidet med namnesaker er regulert gjennom stadnamnlova og prinsipp for namngiving utarbeidd av Språkrådet. Namneforslaga skal ha historisk forankring, og vere i tråd med god namneskikk. Kommunen sjølv eller andre kan røyse namnesak.

Dersom det kjem opp nye forslag til namn enn dei som har vore del av prosessen må heile prosessen starte på nytt.

Det er ikkje motteke høyringssvar innan fristen.

Vurderingar:

Språkrådet uttalar seg om skrivemåte og om kva dei definerer som god namneskikk.

Språkrådet skriv at i namnsetjingssaker som dette vil det vere positivt om ein får til ei vidareføring av nedarva stadnamn, og tilrår namnet Joneset.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Stadnamnlova](#)

Prinsipp for namngjeving utarbeidd av [Språkrådet](#)

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 09.09.2025:**Røysting:**


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

OPKUV- 055/25 Vedtak:

Vegen i det nye hyttefeltet på Skorpa får namnet Joneset.

Vedlegg i saken:

Namn på veg i nytt hyttefelt ved Porsvikvegen på øya Skorpa i Kinn kommune
Kinn kommune – namn på ein veg på øya Skorpa – tilråding



Saksnr.	Utval	Møtedato
056/25	Oppvekst- og kulturutvalet	09.09.2025

Namnesak - veg på Slettevollen

OPKUV- 056/25 Vedtak:

Ny veg i nytt bustadfeslt sør for Brandsøyvegen får namnet Søre Slettevollen.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ny veg i nytt bustadfeslt sør for Brandsøyvegen får namnet Søre Slettevollen.

Bakgrunn for saka:

Det er behov for namn på ny veg i nytt byggefelt på sørsida av Brandsøyvegen på Slettevollen

Grunneigarar, bebuarar, Florø Historielag, Brandsøy Grendahus (fungerande grendalag) er invitert til å komme med namneforslag 25/6-25 med frist 21/7-25. Invitasjon er også sendt ut på kommunen sine heimesider og Friskus. Vi har fått 4 innspel til namn innan fristen.

Vegen ligg i nytt bustadfelt sør for Slettevollsholten ved Brandsøyvegen rundt gbnr 23/3 med matrikkelført bruksnamn Slettevollen. Fleire av stikkvegane til bustadfeltet i området har namn avleidde frå Slettevollen; *Slettevollen*, *Slettevollsvingen* og *Slettevollsholten*

Ved fjorden under det nye boligfeltet ligg bukta med namn Vaulen, i nyare tid Kulpen. Vaulen er mykje brukt på mange vaular i kommunen, mellom anna som adresse i Stavang, stadnamn i Haukå og bruksnamn på Årebrot.

Som grunneigar i området kjem namnetenesta i Vestland fylkeskommune med følgande innspel:

Dersom ein vel gatenamnet Søre Slettevollen kan det vera tilrådeleg å endre namnet Slettevollen til Nordre Slettevollen, då namna vil framstå som eit namnepar. Det same vil gjelde andre namne par som øvre/nedre eller øvste/nedste. Lokale informantar vil truleg kunne peike på om nord/sør eller øvst/nedst er mest brukt lokalt.

Ein kan laga eit nytt, samansett relasjonsnamn med eit veg-ord eller eit anna ord knytt til lokale terrengformasjonar, grunntilhøve eller jordsmonn. Til dømes kunne ein sett saman namn til Slettevollsvingen (om vegen er ein sving), Slettevollbakken (om vegen ligg i ei bakke), Slettevollmyra (om området er myrlendt) eller Slettevollstubben om vegen er kort).

Forslag til namn er Søre Slettevollen. Namnet er ikkje brukt i Kinn eller kringliggande kommunar. Namn er kontrollert i kommunekart for om det er brukt i kringliggande kommunar og det er ikkje funnet eit liknande namn

Namnet Søre Slettevollen er sendt ut på offentleg høyring på kommunen sine nettsider 22/7-25 med svarfrist 12/8-25. Språkrådet er også bedt om uttale.

Saksopplysningar:

Arbeidet med namnesaker er regulert gjennom stadnamnlova og prinsipp for namngiving utarbeidd av Språkrådet. Namneforslaga skal ha historisk forankring, og vere i tråd med god namneskikk. Kommunen sjølv eller andre kan røyse namnesak.

Dersom det kjem opp nye forslag til namn enn dei som har vore del av prosessen må heile prosessen starte på nytt.

Det er ikkje motteke høyringssvar innan fristen.

Vurderingar:

Språkrådet uttalar seg om skrivemåte og om kva dei definerer som god namneskikk.

Språkrådet skriv at i namnsetjingssaker som dette vil det vere positivt om ein får til ei vidareføring av nedarva stadnamn.

Språkrådet tilrår i svar 22/8 å bruke namnet Søre Slettevollen, og peiker på at Slettevollen og Søre Slettevollen er unike som stadnamn i Vestland fylke.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Stadnamnlova](#)

Prinsipp for namngjeving utarbeidd av [Språkrådet](#)

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 09.09.2025:

Knutsen sitt framlegg til vedtak, foreslått av Knut Robert Knutsen, Kinn Raudt Ny veg i nytt bustadfeslt sør for Brandsøyvegen får namnet Slettevollskulpen

Røysting:

Framlegg frå Raudt v/repr. Knutsen falt med 0 røyster.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.


OPKUV- 056/25 Vedtak:

Ny veg i nytt bustadfeslt sør for Brandsøyvegen får namnet Søre Slettevollen.

Vedlegg i saken:

Namnesak - ny veg på Slettevollen - Kinn kommune

Svar på invitasjon til å komme med namneforslag - Slettevollen - Kinn kommune



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
057/25	Oppvekst- og kulturutvalet	09.09.2025

Ny områdeadresse - Hovden, Gbnr 1/10

OPKUV- 057/25 Vedtak:

Området får namnet Skjelvika

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Området får namnet Skjelvika

Bakgrunn for saka:

Gbnr 1/10, våningshus nytta som fritidsbustad utan vegtilkomst nord på øya Hovden manglar områdeadresse.

Invitasjon til å komme med namn på området vart sendt til Barekstad/Hovdevåg Grendalag og naboar 23/6-25 med svarfrist 21/7-25. Det kom 4 svar, alle foreslår Skjelvika. Ein innsendar foreslår i tillegg Hovdeneset/Hovdesundet for å ha Hovden med i namnet.

Etter ei fagleg vurdering vart to framlegg sendt Språkrådet for uttale og lagt ut på offentleg høyring på kommunen sine heimesider 22/7-27 med svarfrist 12/8-25; Skjelvika og Hovdeneset.

Saksopplysningar:

Arbeidet med namnesaker er regulert gjennom stadnamnlova og prinsipp for namngiving utarbeidd av Språkrådet. Namneforslaga skal ha historisk forankring, og vere i tråd med god namneskikk.

Dersom det kjem opp nye forslag til namn enn dei som har vore del av prosessen må heile prosessen starte på nytt.

Vurderingar:

Språkrådet uttalar seg om skrivemåte og om kva dei definerer som god namneskikk.

Språkrådet skriv at i namnsetjingssaker som dette vil det vere positivt om ein får til ei vidareføring av nedarva stadnamn.

Plassen der huset står og det eingong var gardsdrift har alltid heitt Skjelvika. Dette vert stadfesta av naboar og Barekstad/Hovdevåg Grendalag. Namnet Hovdeneset/Hovdesundet er konstruert, ikkje dekkande og ikkje brukt lokalt.

Språkrådet har ingen merknader til namnet Skjelvika. Ifølge SSR er namnet også brukt i Lebesby kommune i Finnmark.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Stadnamnlova](#)

Prinsipp for namngjeving utarbeidd av [Språkrådet](#).

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 09.09.2025:

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

OPKUV- 057/25 Vedtak:

Området får namnet Skjelvika

Vedlegg i saken:

Kinn kommune – namn på eit adresseområde på nordvestsida av øya Hovden – tilråding
Kinn kommune – namn på eit adresseområde på nordvestsida av øya Hovden – brevet
frå kommunen



Saksnr.	Utval	Møtedato
058/25	Oppvekst- og kulturutvalet	09.09.2025

Ny områdeadresse - Kvannhovden fyr, Gbnr 1/3

OPKUV- 058/25 Vedtak:

Området får namnet Kvannhovden

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Området får namnet Kvannhovden

Bakgrunn for saka:

Gbnr 1/3 Kvanhovden fyr manglar adresse. Området er utan vegtilkomst og inneheld eit bygg som skal ha adresse. Invitasjon til å komme med namn på området vart sendt til Berekstad/Hovdevåg Grendalag (BHG), Kvanhovden Fyrlag og Kystverket 23/6-25 med svarfrist 21/7-25.

Området heiter Kvannhovden og fyret heiter Kvanhovden, og naturleg namn er Kvannhovden. Forslaget er sendt på høyring til Språkrådet. Skrivemåten på fyret og området er forskjellig, med ein eller to n`ar. Namnesaka er lagt på offentlig høring 22/7-25 med svarfrist 12/8 via kommunen sine heimesider.

Oppvekst- og kulturutvalet fattar endeleg vedtak om namn på området, ref. delegasjonsreglementet vedteke i kommunestyresak 087/23.

Saksopplysningar:

Arbeidet med namnesaker er regulert gjennom stadnamnlova og prinsipp for namngiving utarbeidd av Språkrådet. Namneforslaga skal ha historisk forankring, og vere i tråd med god namneskikk. Kommunen sjølv eller andre kan røyse namnesak.

Dersom det kjem opp nye forslag til namn enn dei som har vore del av prosessen må heile prosessen starte på nytt.

Det er motteke eitt høyringssvar frå BHG, som støttar forslaget frå administrasjonen.

Vurderingar:

Språkrådet uttalar seg om skrivemåte og om kva dei definerer som god namneskikk.

Språkrådet skriv at i namnsetjingssaker som dette vil det vere positivt om ein får til ei vidareføring av nedarva stadnamn, og tilrår Kvannhovden som områdeadresse.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Stadnamnlova](#)

Prinsipp for namngjeving utarbeidd av [Språkrådet](#).

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 09.09.2025:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

OPKUV- 058/25 Vedtak:

Området får namnet Kvannhovden

Vedlegg i saken:

Kinn kommune – Kvannhovden nytta som adressenamn – tilråding

Kinn kommune – Kvannhovden nytta som adressenamn – brevet frå kommunen



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
059/25	Oppvekst- og kulturutvalet	09.09.2025

Prosjektplan: Revitalisering av Florø kulturhus

OPKUV- 059/25 Vedtak:

Prosjektplanen for revitalisering av Florø kulturhus blir godkjent.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektplanen for revitalisering av Florø kulturhus blir godkjent.

Bakgrunn for saka:

Eit moderne kulturhus skal vere kulturlivet si "heimebane" - eit aktivitetshus både for eigenaktivitet og for opplevingar. Kulturlokala må vere planlagde ut frå definerte behov og vere fleksible.

Kulturhusa våre er arenaer og pådrivarar for eit mangfald av kulturuttrykk. Dei er, og skal vere lågterskel møteplassar som fremmer toleranse, mangfald og meningsdanning.

Kinn kommune, i dialog med kulturfrivilligheita og andre, skal utvikle møteplassane slik at dei vert trygge og i større grad tilgjengelege både på dagtid og kveldstid. Vi har som mål at møteplassane skal utviklast slik at folk møtes. Samskaping står sentralt.

Inkluderande kulturtilbod kan bidra til å hjelpe menneske til utvida deltaking og meistring, det gir auka livskvalitet og vil støtte opp under overordna målsettingar om alle sin rett til å delta i og få oppleve kulturelle aktivitetar og sosiale fellesskap.

Tida er inne for å arbeide vidare med innhaldsutviklinga av kulturhuset. Dette skjer i samhandling med kulturskulen, musikkrådet, kor, korps, dansegrupper, kunstlag og andre lag/organisasjonar, faste brukarar og publikum.

Kinn kommunestyre har vedteke ei løyving til investering i 2024 på 4 mill. kr. for å utvikle kulturhuset og starte prosessen med tilrettelegging for at kulturskulen på sikt kan flytte inn i kulturhuset. Bygget skal revitaliserast, bruken skal aukast, lokala skal tilretteleggast for kulturlivets behov.

I utkast til samfunnsplan for Kinn heiter det at "*Florø skal vere ein levande, vital og interessant by for alle. Sentruma skal vere innhaldsrike og inspirerende med variasjon og mangfald innan bustad, næring, handel, service og møteplassar. Kunst, kultur, kulturnæring og kreative næringar gir verdifulle bidrag, engasjement og identitet når områder skal endrast og utviklast.*" Dette inneberer at Kulturhuset bør utviklast til å vere eit framtidig viktig del av byutviklinga i Florø sentrum.

Utviklingsarbeidet på Florø kulturhus er fagleg forankra i Vestland fylkeskommune sin regionale plan for kultur 2023-2035 *Kultur bygger samfunn*, i tillegg til i egne planar.

Saksopplysningar:

Prosjektplanen gjev grunnlag for å utarbeide plan for endra bruk av heile kulturhuset, også underetasjen, når brannstasjonen blir flytta.

Vurderingar:

Saka blir lagt fram for oppvekst og kulturutvalet for å sikre ei god forankring av arbeidet i det politiske utvalet. Det blir teke sikte på å informere utvalet jamleg, etter kvart som prosjektet går framover.

Økonomiske konsekvensar:

Førebels blir prosjektet arbeid med innanfor ramme sett av i gjeldande økonomiplanen.

Ei realisering av resultat at det forprosjektet som no blir starta opp, vil få økonomiske konsekvensar. Kommunen si deltaking i ei slik realisering må vurderast i kommande økonomiplanar. Det vil ikkje vere realistisk med store kommunale lånemidlar, difor må forprosjektet ha stor fokus på nøkternheit, og realisme i gjennomføring.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 09.09.2025:

Nytt framlegg, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre

Oppvekst- og kulturutvalet legg til grunn at vidare arbeid med revitalisering av Florø kulturhus skjer i tråd med saksutgreiinga, likevel med slike tillegg/presiseringar som teke inn nedanfor. OK-utvalet vert orientert om utvikling i arbeidet i kvart utvalsmøte.

Tillegg/presiseringar:

- Florø kulturhus skal ta mål av seg å vere ein føretrukken arena for turnerande teater, konsertar, festivalar, kunstutstillingar mv. Som ein del av det vidare arbeidet må ein difor m.a. synleggjere kva moglegheiter/behov ein har for tilpassing/utviding av scener, herunder bakscene, for at ein til dømes kan ha framsyning med fullt symfonisk orkester, vise alle turnerande forestillingar med Riksteateret og Teater Vestland mv.
- Florø kulturhus skal vere ein arena der lokalt og regionalt kulturliv, både profesjonelt og frivillig, kan lukkast med samskaping og utvikling.
- Det bør synleggjerast korleis ein kan få plass til ein mindre kinosal og ein blackbox, samt korleis ein kan ha moglegheiter for soneinndeling av huset, slik at arenaer kan brukast meir uavhengig av kvarandre, t.d. med egne inngangar mv. Eit styrande prinsipp er at bygget skal vere mest mogleg ope og tilgjengeleg for innbyggjarar, sjølv om delar av bygget er brukt til andre aktivitetar.
- Som del av meirope bibliotek bør ein vurdere å kunne opne opp biblioteket mot parken og tilrettelegge betre for biblioteket som kultur- og debattarena. I forlenginga av dette skal arbeidet med revitalisering av Florø kulturhus også ta inn over seg korleis bygget og omgjevnadane (park og gater, plassar mv) kan få eit betre samspel.

Kommunalsjef Rolf Bjarne Sund orienterte om bakgrunnen for prosjektet og svarte på spørsmål.

Røysting:

Framlegg frå Venstre v/repr. Eliasson vart sett opp mot framlegget frå kommunedirektøren og falt med tre røyster frå KrF v/Vig, Raudt v/Knutsen og Venstre v/Eliasson.

OPKUV- 059/25 Vedtak:

Prosjektplanen for revitalisering av Florø kulturhus blir godkjent.

Vedlegg i saken:

Prosjektplan vitalisering av Florø kulturhus